

"Green Mining" = grønn naturrasering, grønn profitt

Når noko virkar å vere for godt til å vere sant, ja så er det som regel akkurat det. Så også med forteljinga om at gruver, mineral og energi skal bli så grønt at jo meir vi får av det, jo betre for naturen.

5. mai hadde eg den svært blanda fornøyelsen av å følge to konferansar eller webinar som begge handla om "Green Mining", men som sto for stikk motsette syn på dette omgrepet. Det første var arrangert av det sittande portugisiske presidentskapet i EU, mens det andre var arrangert av den gruvekritiske institusjonen Mining Watch i Canada.

EU-arrangementet blei kalt for "High Level Conference on Green Mining", og det foregikk virkelig på så høgt nivå at det ikkje er nokon grunn til å tru anna enn at det som kom fram her verkeleg er EU sin politikk. Dessverre. Ved sida av to ministrar frå vertslandet Portugal, ein finsk minister og ein spansk statssekretær var det bl.a. fleire som har vore sentralt i utviklinga av EU sin felles mineralpolitikk. I innleiingsorda sa den portugisiske miljøministeren João Pedro Matos Fernandes noko heilt sentralt: *"De-carbonization and economic growth is totally compatibel."* Og det er vel kjerna i heile planen: Fortsette å vekse så lenge det er ressursar igjen.

Frå EU lanserte sitt Raw Material Initiative i 2008 har målsettinga vore å auke resirkulering, og ny mineralutvinning i EU, samtidig som ein sikrar tilførsel frå andre verdsdelar. Denne politikken held no fram, med den endringa at han ho er definert som grønn.

Eg vona å få ein definisjon av "green mining", men hørte ikkje noko til det. Det virkar som dette begrepet no skal dekke to heilt forskjellige saker:

1. "miljøvenlig" eller mindre miljøskadelig gruve drift, uavhengig av kva mineral som blir tatt ut. Her med særlig vekt på elektrifisering av gruver.
2. gruve drift etter mineral som kan brukast til "det grønne skiftet", dvs. vindkraft, elbilar m.m. Det virkar som det er nok å oppfylle eitt av desse kriteria for å bli rekna med til green mining. Det er ikkje definert kva gruve drift som IKKJE er grønn.

Tidligare har det innafor EU vore arbeida meir konkret med idear om redusert avfallsproduksjon og "invisible mines". Dette synest no å vere lagt til side, no teller bare å auke gruve drifta, helst den som på eit eller anna kriterium kan definerast som grønn. Det er ikkje snakk om å redusere eller utelukke noko form for gruve drift, f.eks. gull, som det i EU er store planar om både i Sverige, Finland, Irland, Romania og sikkert fleire land.

Den finske næringsministeren Mika Lintilä slo kategorisk fast at Finland er eit leiande grueland og at der i landet er produksjonen bærekraftig. Punktum. Ettersom det ikkje var noko debatt på konferansen, var det ingen fare for at nokon kunne komme inn med ei påminning om miljøkatastrofen i Talvivaara.

Den spanske statssekretæren Sara Aagesen Minoz hadde store ambisjonar, om å firedoble den "reine" energien fram til 2040, maksimisere spansk mineralutvinning, med sirkulær økonomi. Øydelagt land skal restaurerast, ein skal satse på lokal utvinning og forbruk og Spania skal vere eit føregangsland i alt dette.

Blant gjesteforelesarane frå andre land var energi- og mineralministeren i Indonesia, Arifin Tasrif. Han kunne forsikre at Indonesia no satsar hardt på å redusere utslepp, men det synest i første rekke å gjelde klimagassar. Dei enorme utsleppa av gruveavfall til vassdrag og sjø klarte i alle fall ikkje eg å oppfatte at han sa noko om. Indonesia har nylig fått ein ny minerallov, og på spørsmål om korleis gruveindustrien reagerte på denne, var svaret at dei var ganske positive. Det seier vel det meste.

Peter Handley, leiar for EU-kommisjonen si eining for energiintensiv industri og råmaterialer, var naturleg nok opptatt av korleis auke utvinninga i EU. Han innrømte at gruvedrift tidligare hadde omfatta "dirty operations", men no var alt så mye betre. Likevel var det ofte eit stort problem å overtyde lokalbefolkninga til å godta gruver i sine nærområde og det var avgjørande å engasjere seg i lokalsamfunna for å få dette til. Kva som skulle gjørast om lokalsamfunna ikkje ville la seg overtyde eller kjøpe, sa han ikkje noko om.

João Bernardo Direktør for eit portugisisk direktorat som vel nærast tilsvarar NVE + Direktoratet for mineralforvaltning i Noreg, presenterte den portugisiske mineralnæringa, som nok ikkje er så kjent i Noreg. Men Portugal er faktisk eit av landa i Europa med mest mineralutvinning, ei næring med omlag 200000 arbeidsplassar (mot 6000 i Noreg). Portugal er Europas største produsent av wolfram, og utvinn også mye koppar, bly, sink, jern, tinn og uran. Her er potensiale til å utvinne ei rekke av dei kritiske minerala som litium, indium, niob, tantal, beryllium og germanium.

Av 18 innlegg på konferansen var det 17 som talte i same retning, for auka mineralutvinning. Bare eitt einaste innlegg hadde motførestillingar. Alibiet frå miljørørsla var Jeremy Wates frå European Environment Bureau. På den korte tida han fikk til disposisjon klarte han å få sagt fleire viktige poeng: Vi skal ikkje akseptere at gruver er bærekraftige. Resirkulering må prioriterast før ny utvinning. De-karbonisering er no bare eit slagord, ikkje ein realitet. Det gjeld å gjøre dei rette tinga, ikkje bare snakke om bærekraft og grønn gruvedrift.

Etter at Wates hadde brukt opp si tid, var det tilbake til same grønmalinga som før, ingenting tyda på at orda hans hadde nokon verknad.

I den grad det var nokon visjonar, var det for utbygging av batteriindustrien. Diego Pavia, direktør for European Battery Alliance, kunne fortelje at batteriindustri var ein viktig del av framtida i Europa og at denne ville trenge 100000 fagarbeidarar. Han hadde ein PowerPoint-presentasjon som sikkert var interessant, om det ikkje var for at tekniske problem gjorde at denne ikkje syntest på skjermen. I det heile var opplegget skjemma av så mye feil ved både lyd og framvising at det ikkje akkurat ga inntrykk av at EU ligg i første rekke i teknisk utvikling. Sverige var også representert, ved miljødirektør Emma Nehrenheim i Northvolt, som no bygger gigantisk batterifabrikk i Skellefteå. Denne ville i følge henne ha langt lågare utslepp enn alle konkurrentar.

Arrangørane nemnde under arrangementet at miljøvernarar da arrangerte ein demonstrasjon på utsida av lokalet i Lisboa. Og det var det da også all grunn til. Om ein skal gi ei kort oppsummering av konferansen, må det bli det som ikkje blei sagt. Det var ikkje sagt noko om naturkrise og behovet for å stoppe arealinngrep. Mens utvinning av nokre mineral kan grunnigvast ut frå behov i "fornybar" og "grønn" energi, var det ingen avgrensing mot utvinning av andre mineral, sjølv om hensikten bare skulle vere spekulasjon og luksus. Og det blei så vidt eg kunne høre ikkje nemnd ei einaste konkret gruve verken som negativt eller positivt eksempel. Det var ikkje sagt noko om kva som må gjørast når lokalbefolkninga seier nei. Det vanlige svaret er rettsvesen og politi, men det gjør seg ikkje på "high level conference". Likevel tyder konferansen på at vi må vente oss fleire konfrontasjonar framover.

Etter 6 timar pause var eg klar for den neste webinar, som blei sendt frå Canada, "Green Energy, Green Mining, Green New Deal?" Felles for begge var temaet, at det gikk over Zoom og at hovudspråket var engelsk, men så var det altså slutt på parallellane. Her var det dei kritiske røystene som slapp fram. Mining Watch Canada har i mange år gjort ein stor jobb med å trekke fram naturøydeleggingar, elendige arbeidsvilkår og finansiell svindel ved gruver over heile verda, først og fremst slike som er drive av kanadisk registrerte selskap. Dei starta med planen om ei stor grafittgruve i Quebec i Canada. Der snakkar som kjent dei fleste fransk, og presentasjonen var også

på fransk. Sidan fransken min er på eit mildt sagt svært lågt nivå og tolkinga ikkje fungerte, så fikk eg dessverre lite ut av denne. Betre blei det med foredraga av Payal Sampal frå Earthworks, ein organisasjon som har vore svært opptatt av dumping av gruveavfall, bl.a. i Noreg. Ho spurte kvifor gruvedrift er eit trugsmål både mot samfunn, klima og økosystem og viste til menneskerettsbrot som tvangsflytting, forgifting av arbeidarar, lokalsamfunn og natur, samt at urfolk blir særleg ramma, til ulukker med avgangsdammar, og at gruvedrift er ansvarlig for omlag 10 % av klimagassutsleppa. I ein tabell synte ho kva metall som er særleg brukt for 3 typer av batteri, 3 typer av solpanel og 2 typer av vindturbinar. Svært avklarande for dei av oss som har vore forvirra over forskjellige påstandar på dette området. For eksempel er det slik at det ikkje er alle vindturbinar som brukar store mengder av sjeldne jordmetall. Vidare viste ho kor enormt etterspurnaden etter forskjellige metall kan komme til å auke med forskjellige scenarier for utviklinga av batteri og "fornybar" energi. Blant dei verste er litium der etterspurnaden kan bli opp mot 90 gongar dagens forbruk, mens han for kobolt kan bli opp mot 17 gongar. Dette vil føre til ein enorm pågang for å starte nye gruver, på stadig fattigare malm. Som alternativ sette ho opp størst mogleg grad av resirkulering, strengare krav til gruvedrift og ikkje minst redusert forbruk og transport.

Deretter kom Thea Riofrancos, som snakka om *The extractive frontiers of the Green New Deal*. Ho representerer Democratic Socialists of America, og utmerka seg ved å ha eit klart sosialt perspektiv i tillegg til miljøperspektivet. Ho viste korleis det lille søkkrike mindretallet står for ein svært stor del av både forbruk og klimautslepp. Den "grøne" energiproduksjonen er ekstremt mineralintensiv, sa ho, og viste at f.eks. kombinasjonen vindkraft og elbilar krev langt meir mineral enn tilsvarande energi frå forbrenningsmotorar. "Green extractivism", som ho kalte det, er ikkje på nokon måte grøn, men derimot eit stort trugsmål mot naturen, og gir farlige forhold for arbeidarar og lokalsamfunn. Det kjem også fram gjennom at ei rekke av dei "grøne" gruvene, bl.a. litiumgruver, har blitt møtt med store protestar verda over.

Eg vil oppsummere webinarret med tittelen på eit anna arrangement frå Mining Watch: *Turning Down The Heat: Can We Mine Our Way Out of the Climate Crisis?* Og konklusjonen må vere heilt klar: Det kan vi absolutt ikkje.

Webinaret frå Canada skal etter litt bearbeiding bli lagt ut på nettet. Ein kan da leite etter det på <http://miningwatch.ca>